



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

Osterøy kommune
Rådhuset
5282 LONEVÅG

Vår dato: 07.09.2023

Vår ref.: 202213055-4 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: 22/1201 - 23/16552

Sakshandsamar: Margit Sandem
Fjellengen, masf@nve.no

NVE si fråsegn - Offentleg ettersyn - Reguleringsplan for Helldal småbåthamn og strandsoner - Gnr. 86 bnr. 5 m.fl. - PlanID - 46302022001 - Osterøy kommune

Vi viser til brev datert 12.07.2023. Saka gjeld offentleg ettersyn av reguleringsplan for Helldal småbåthamn. Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for etablering av småbåthamn og fellesnaust for oppbevaring av utstyr for fritidsaktivitetar i tilknytning til Helldal hyttefelt og Hoshovdstølen bustadområde. Planen legg og til rette for opparbeiding av badeplass og betre tilgang til strandsona for ålmenta.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strom (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE sin konkrete uttale

Skred i bratt terreng

Multiconsult har gjort ei skredfarevurdering av planområdet i notat datert 28.10.2020. Øst i planområdet er det definert faresoner der steinsprang er dimensjonerande skredtype. I plankartet er fareområdet vist som omsynssone H310_1, H310_2 og H310_3. Til omsynssonene er det knytt ei felles føresegn som seier at ved tiltak innanfor omsynssona må det gjerast ei vurdering av behovet for skredsikring eller andre risikoreduserande tiltak.

NVE rår til at de knyter føresegner til kvar enkelt omsynssone som sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot skred, jf. Byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3, før tiltak kan finne stad. Slike



føresegner kan til dømes vere forbod mot utbygging (visse typar tiltak, t.d. bygningar med personopphald), og/eller rekkefølgeføresegn med krav om risikoreduserande tiltak før utbygging/tiltaksrealisering. Dersom det området ein eventuelt skal gjennomføre risikoreduserande tiltak i ligg utanfor planområdet, så rår vi generelt til at ein utvidar planområdet og innarbeider dei risikoreduserande tiltaka i planen.

Omsynssonene H310_1, H310_2 og H310_3 kan til dømes få følgjande føresegner:

H310_1: Skredfaren innanfor desse omsynssonene har større årleg sannsyn enn 1/100. Innanfor omsynssonene er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S1, S2 og S3 (jf. Byggteknisk forskrift § 7-3) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige.

H310_2: Skredfaren innanfor desse omsynssonene har større årleg sannsyn enn 1/1000. Innanfor omsynssonene er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S2 og S3 (jf. Byggteknisk forskrift § 7-3) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige.

H310_3: Skredfaren innanfor desse omsynssonene har større årleg sannsyn enn 1/5000. Innanfor omsynssonene er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S3 (jf. Byggteknisk forskrift § 7-3) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige.

Føresegnene over vil sikre tilstrekkeleg tryggleik før utbygging kan finne stad innanfor faresonene/omsynssonene.

Meir informasjon

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmende. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.



Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Margit Sandem Fjellengen
Førstekonsulent

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

Osterøy kommune

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND